

# BACHELOROPPGÅVE

**Kva er viktige risikofaktorar knytt til ungdom og rus, og korleis kan ein som sosialarbeidar jobbe rusførebyggjande med ungdom?**

av  
309 Solveig Bolset

**What are the essential risk factors associated with youth and substance abuse, and how can one as a social worker prevent substance abuse among youths?**

Sosialt arbeid

BSV5-300

Mai 2014



## **Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)**

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva i Brage (Kva er viktige risikofaktorar knytt til ungdom og rus, og korleis kan ein som sosialarbeidar jobbe rusførebyggjande med ungdom?) dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

309 Solveig Bolset

JA

NEI

## Innhald

Forord .....	
1.0 Innleiing .....	1
1.1 Bakgrunn for val av tema .....	1
1.2 Avgrensing av oppgåva .....	2
1.3 Omgrepsavklaringar .....	2
2.0 Metode.....	3
2.1 Kjeldekritikk.....	4
2.2 Litteratursøk og sjølvvald pensum .....	4
3.0 Teori- og drøftingsdel.....	5
3.1 Risikofaktorar på individ-, gruppe- og samfunnsnivå.....	6
3.2 Holdningar til alkohol og rus.....	9
3.3 Samverkande faktorar.....	10
3.4 Frå bekymring til handling .....	10
4.0 Førebygging på tre ulike nivå.....	11
4.1 Rusførebygging i regi av oppsøkjande sosialt arbeid med ungdom.....	12
4.2 Foreldras deltaking – sosialt arbeid med familiar .....	15
4.3 NAV – ein kommunal arena for førebygging.....	17
4.4 Sosialarbeidaren som ledd i det rusførebyggjande arbeidet .....	18
5.0 Konklusjon .....	19
6.0 Litteraturliste .....	20
Vedlegg: Skjema for sjølvvald pensum	

## Forord

Denne oppgåva er skriva individuelt ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for samfunnsfag - sosialt arbeid, våren 2014. Emnet er det avsluttande ved studiet og gir 15 studiepoeng.

Arbeidet med denne oppgåva har vore særst lærerik. Eg har tileigna meg mykje ny kunnskap både teoretisk kring temaet, men også gjennom prosessen i utforminga av ein akademisk tekst. Stor takk rettast til dei som har støtta meg undervegs både fagleg og elles:

- Rettleiar
- Vener og medstudentar

*”Rusmidlene kan lede til avhengighet, og de har et potensial for å bedøve og immunisere mot ny erkjennelse. De kan på lengre sikt ha alvorlige sosiale konsekvenser og kan trekke en mot samfunnsmessig marginalitet. Rusmidlene har et janusansikt. Alle har vi et forhold til dem.*

*Alle skal vi møte ansiktets begge sider” (Pedersen, 2006, s. 25).*

## 1.0 Innleiing

I denne oppgåva vil eg skrive om ungdom, rus og førebygging. Rusførebygging ser eg som særskild viktig, då ungdommar er i ein utforskande fase i livet og nokre av dei er meir utsett for å la rusen bli ein større del av livet enn andre. Bruken av rusmiddel har utvikla seg mykje i moderne tid. I dagens samfunn blir alkohol sett på som ein markør i overgangen frå ung til vaksen (Fekjær, 2011). Dette inneber at alkohol på mange måtar er ein naturleg del av oppveksten. Likevel blir dette rusmiddelet brukt på veldig mange ulike måtar, og for mange er det starten på ein langvarig rusmiddelavhengighet. Kva faktorar er det som gjer at nokre er meir utsett for å få eit rusproblem enn andre? Dette er eit spørsmål som interesserar meg særskild mykje, og eg ønskjer å setje meg djupare inn i korleis ein som sosialarbeidar kan hjelpe desse utsette ungdommane til å la rusmidla ligge.

Debutalder for alkohol var i 2009 15-15,5 år (SIRUS-Rapport 5/2009). Dette er ein ung alder, og ungdommane er i ein overgangsfase frå ungdomsskule til vidaregåande skule. Her finn dei seg i eit miljøskifte og kan vere meir sårbar enn elles. Ungdommane treng eit stabilt nærmiljø med gode førebyggjande tiltak.

Med utgangspunkt i dette har eg kome fram til følgjande problemstilling:

***Kva er viktige risikofaktorar knytt til ungdom og rus og korleis kan ein som sosialarbeidar jobbe rusførebyggjande med ungdom?***

## 1.1 Bakgrunn for val av tema

Rusproblematikk er eit tema som har interessert meg over lengre tid. Eg kjem frå ein liten kommune på vestlandet der "alle kjenner alle" og det er ein plass med gode aktivitetstilbod og gode skulemiljø. Likevel er der rusproblematikk slik som på mange andre plassar. Det er mange spørsmål rundt dette temaet som interesserar meg. Kvifor byrjar ungdommar å eksperimentere med rusmidlar i så tidleg alder? Kvifor er det nokre som sluttar medan andre "dett av lasset"? Kva risikofaktorar er det som har betydning for ungdom og rusing?

I SIRUS-Rapport 5/2009 visast det til ein klar samanheng mellom inntak av alkohol og bruk av andre rusmidlar. Ungdommar eksperimenterar med tobakk og alkohol i tidleg alder, og nokre byrjar seinare å eksperimentere med sterkare stoff som til dømes cannabis. Kva kan ein gjere for å hindre dette? Rusførebygging blir jobba med på ulike nivå. Informasjon og

prosjektarbeid i skulane, arbeid retta mot risikogrupper og førebygging retta mot risikoindivid er ulike dømer (Fekjær, 2011).

Dette er eit tema som er særst relevant for mi utdanning som sosionom. Rusførebygging blir arbeidd med på ulike arenaer, og er ein sentral del av det sosiale arbeidet. Mange undervisningstimar er brukt på temaet, og pensumlistene har hatt fagbøker knytt til rus.

## 1.2 Avgrensing av oppgåva

Temaet rusførebygging har eit stort spekter og eg har tenkt mykje på korleis eg skal avgrense oppgåva for å svare på problemstillinga. Eg har valt å fokusere på ungdom fordi dei er i ein sårbar fase i livet, og val og handlingar ein gjer som ungdom kan få konsekvensar for ein seinare i livet. Forsking viser at det er samanhengar mellom inntak av alkohol i ungdomsskulealder og drikkemønster seinare i livet (SIRUS-Rappor 5/2009). Difor er det viktig å fokusere på førebygging i tidleg alder.

Eg har valt å fokusere på ungdommar som er utsett for visse risikofaktorar og korleis eg kan jobbe for å hjelpe desse til å unngå eit liv med rusing. Som sosialarbeidarar er det mange ulike arenaer ein kan jobbe på. Eg ønskjer å sjå djupare på korleis eg i yrkeslivet som sosionom kan bidra til eit samfunn med mindre rus og korleis eg kan jobbe rusførebyggjande med risikoutsett ungdom. Fokuset mitt vil vere retta mot rolla som oppsøkjande sosialarbeidar, og rådgjevar/konsulent hjå Ny Arbeids- og Velferdsforvaltning [NAV].

Oppgåva vil vere tredelt; etter innleiingskapittelet er oppgåva delt i ein methodedel og ein teori- og drøftingsdel. I methodedelen vil eg gjere greie for val av framgangsmåte, samt funn og bruk av litteratur. Deretter vil eg i del tre gjere greie for ulike risikofaktorar knytt til ungdom og rus på ulike nivå; eg vil også fokusere på samanhengen mellom risiko- og beskyttelsesfaktorar. Vidare vil eg vise korleis eg som sosialarbeidar kan jobbe rusførebyggjande med ungdom på ulike arenaer og drøfte nokre utfordringar knytt til arbeidet. Til slutt vil eg ha ein konklusjon som oppsummerar oppgåva og svaret på problemstillinga.

## 1.3 Omgrepsavklaringar

Det er fleire sentrale omgrep i denne oppgåva eg ser som nødvendig å definere. Dei mest sentrale er førebygging, rus og rusavhengighet, risikofaktorar og ungdommar.

Førebyggjande arbeid kan definerast på ulike måtar. Helsedirektoratet (15-1978) skriv at ”Forebyggende arbeid dreier seg om å begrense risikofaktorer og øke beskyttelsesfaktorer” (s. 8). Dette arbeidet kan gjerast på ulike nivå, både hjå individet sjølv, blant det sosiale

nettverket og omgjevnadane (Helsedirektoratet, 15-1978). Førebyggjande arbeid kan også beskrivast som tiltak for å redusere tilgjenge av rusmidlar og for å redusere etterspurnaden av dei (Fekjær, 2011).

Ein risikofaktor blir definert som eit trekk ved ein person som aukar sannsynet for negativ psykososial utvikling i framtida, anten hjå individet eller i oppvekstmiljøet (Nordahl et al. (2005), ref. i Helsedirektoratet, 15-1742). I denne samanhengen vil negativ psykososial utvikling vere knytt til rusing.

I denne oppgåva har eg valt å definere rusmiddel som alkohol og narkotiske stoff; dømer på narkotiske stoff er cannabis, amfetamin og heroin. Eit narkotisk stoff er stoff som gir rus og fysisk/psykisk avhengighet, oftast ulovleg. Mange medisinar blir også brukt som narkotika, kalla a- og b-preparat. Det er fleire stoff i omløp i verden som blir brukt ulikt. Eit eksempel er ”khat”(plante som inneheld sentralstimulerande stoff) som blir seld som grønnsak i England, men er i Noreg definert som narkotika. Sjølv om Helsetilsynet i Noreg har ei liste med over 200 stoff som er ulovlege narkotiske middel, så kan ein likevel seie at kva som er narkotiske stoff - er ulikt definert i den internasjonale samanhengen (Fekjær, 2011).

Når har ein eit rusproblem og når er ein avhengig? Rusavhengighet blir av Fekjær (2011) definert som ein fysisk avhengighet der ein person brukar eit stoff om og om igjen, må auke dosen for effekt, medviten om at det er skadeleg, og viser fysiologiske symptom dersom ein sluttar med stoffet. Vidare forklarar han bruken av rusmiddel som ein psykisk avhengighet, der han knytter denne til vanebruk. I oppgåva vil eg også bruke omgrepet rusproblem/rusmisbruk. Nesvåg og Steinkjer (2014) definerar rusmisbruk på grunnlag av skadeverknadane ein får av rusen, og ikkje nødvendigvis avhengighet. Ein har altså eit rusmiddelmisbruk når ein får negative verknader på grunn av inntaket.

Når eg skriv om ungdommar har eg valt å fokusere på aldersgruppa 13-18 år. Ungdommar i risiko kan definerast ved risikofaktorar både på individ-, gruppe- og samfunnsnivå. Andre omgrep som krev forklaring vil eg ta undervegs i oppgåva.

## 2.0 Metode

Wilhelm Aubert (1985: 196) sitert i Dalland (2010) skriv at ”En metode er en framgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder” (s. 83).

Eg har valt litteraturstudie som framgangsmåte. Ein litteraturstudie er ein kritisk gjennomgang av litteratur som omhandlar ei gitt problemstilling, og ein samanfating av denne (Langhammer, 2003). Målet med denne litteraturstudien er å få auka fagleg innsikt kring temaet og valt problemstilling. Eg vil ha fokus på korleis eg kan forstå teorien, og korleis bruke den i arbeidet som sosialarbeidar.

I ei litterær oppgåve kan ein nytte seg av både primære og sekundære kjelder. Primære kjelder er originale artiklar og primære studiar, medan sekundære kjelder omhandlar lærebøker og sekundære tidsskrifter (Langhammer, 2003). Eg vil nytte meg av primære kjelder som forskingsrapportar og sekundære kjelder som fagbøker om temaet.

Ein slik studie ser eg på som ein god mogelegheit for å få mykje ny kunnskap både i søk av litteratur og ikkje minst fagleg, samt utforming av ein akademisk tekst. Det er likevel faktorar eg ser på som utfordringar i samband med denne studien. Eg har vald eit tema av eit stort spekter og det er gjort mykje studiar og skrive mange akademiske tekstar kring emnet. Det er mykje litteratur å søke og lese i gjennom, og det vil vere tidskrevjande og utfordrande å velje ut relevant litteratur, sjølv om dette gir meg gode mogelegheiter for å finne inspirasjon.

## **2.1 Kjeldekritikk**

Ved innhenting av litteratur må ein vere kjeldekritisk. Dalland (2010) skriv at ”kildekritikk betyr å vurdere og karakterisere den litteraturen som er benyttet” (s. 72). Det handlar om å reflektere over om litteraturen er relevant og gyldig for å gi svar på problemstillinga (Dalland, 2010). Kjeldekritikk er viktig for å kunne vise til kor ein har henta kunnskapen kring problemstillinga frå (Dalland, 2010).

I prosessane kring val av litteratur, har eg vore kritisk til faktorar som år for publisering og opphav. Eg har prøvd å velje litteratur kring temaet mitt som er av nyare dato, og som har opphav i forskingsrapportar, forskingsartiklar og fagbøker.

## **2.2 Litteratursøk og sjølvvald pensum**

Prosedyren eg har brukt i val av litteratur, er litteratursøk i databasar som ’Google Scholar’ og bibsys. Her har eg brukt ulike søkeord som ungdom, risikofaktorar, rus og førebygging. Dette har resultert i trefflistar med opp til fleire tusen artiklar og studiar. Eg har bladd igjennom trefflista og vald ut den litteraturen eg fann som mest relevant til mitt tema og for å belyse problemstillinga.



Som sjølvvald pensum har eg valt ut enkelte kapittel frå fagbøker knytt til temaet; desse omhandlar rus, risikofaktorar og førebyggjande arbeid. Ein del av litteraturen er særst sentral for skriving av oppgåva, medan andre delar er brukt som inspirasjonskjelde i samband med utforming av problemstillinga og for å utvide den teoretiske forståinga mi kring temaet. Litteratur frå tidlegare pensumlistar som er relevant, vil eg også nytte i oppgåva.

### 3.0 Teori- og drøftingsdel

Helland og Øia (2000) definerar bruk av rusmidlar som eit sosialt og kulturelt fenomen. Ein måte å forstå dette fenomenet på kan vere at ein har ulike sosiale og kulturelle sanksjonar knytt til bruk av alkohol og andre rusmiddel, kva som er akseptert og ikkje. Uskrivne normer, måten ein ser på rusbruk og naturlege(kropplege) reaksjonar er faktorar som kan påverkar desse fenomena. Dei sosiale sanksjonane kan ein òg sjå som eit ledd i det førebyggjande arbeidet ved at dei legg press på den individuelle om å oppføre seg i forhold til det som er akseptert i samfunnet. Ein kan også forstå dette fenomenet ved å samanlikne bruken i ulike kulturar. Det er til dømes i mange land vanleg å drikke alkohol til lunsj. I Noreg derimot, er ein vande med at alkohol blir nytt i helgar og ved spesielle anledningar. Etter eit besøk i England, fekk eg oppleve ein ulik drikkekultur enn i Noreg. Sjølv om arbeidstakarar og studentar drakk alkohol til lunsjen, var det likevel ein uvand tradisjon for meg. Dersom eg drog med meg denne drikkekulturen heim til Noreg, ville det mest sannsynleg bli sett på som sosialt og kulturelt avvikande åtferd, fordi det ikkje er vanleg, eller sosialt akseptert, å drikke alkohol til lunsj i kvardagen.

Historisk er alkoholen det dominerande rusmiddelet, medan dei nye typene omtalt som narkotiske stoff vaks fram frå 1950-talet (Helland og Øia, 2000). I mange sosiale samanhengar er bruk av alkohol naturleg, men også ofte forventa – og bruk av alkohol blir ein del av den kulturelle tradisjonen (Helland og Øia, 2000). Bruk av øl har vore dokumentert heilt tilbake til 6000 år f.Kr. då det vart brukt som ein del av religiøse ritual i Babylon (Fekjær, 2011). I Noreg har øl vore ein tradisjonell alkoholdrikk heilt fram til brennevinet tok over dominansen på 1600-talet (Fekjær, 2011).

Rusproblematikken har eksistert i lange tider, og ein kan spore avholdsorganisasjonar i Noreg heilt tilbake til 1800-talet (Fekjær, 2011). Rusproblem vart tidlegare definert som det vi i dag omtalar som ”fylla”, og ikkje før utpå 1900-talet blei det reist spørsmål knytt til rusmisbruk som sjukdom; omgrepet ”rusavhengighet” vaks fram på 1950-talet (Fekjær, 2011).

Tilnærmingane for å redusere alkoholskadane har frå 1880-talet og fram til i dag utvikla seg frå reduksjon av alkoholbruk i samfunnet til fokus på behandling og opplysning (Fekjær, 2011).

I dagens samfunn er nyting av alkohol, som nemnd, knytt til overgangen frå ung til vaksen og blir sett på som ein viktig markør for dette, men òg i samband med sosiale samanhengar (Fekjær, 2011). Dei fleste unge debuterar i dag med alkohol i løpet av tenåra, og forskning syner at norske ungdommar drikk meir og oftare no enn tidlegare (Fekjær, 2011). Det er dokumentert at dei største skadeverknadane av rusen er knytt til fyll (Fekjær, 2011). Dette gir grunnlag for bekymring sidan drikkemønsteret i ungdomstida kan ha tyding for vanane i seinare tid. Dermed er dette ein risikofaktor som etter kvart kan føre til utvikling av eit meir skadeleg drikkemønster hjå denne unge generasjonen i seinare tid (Fekjær, 2011).

### **3.1 Risikofaktorar på individ-, gruppe- og samfunnsnivå**

Som menneske har vi fleire individuelle kjenneteikn som seier noko om risiko for negativ psykososial utvikling(; her rusing), altså risikofaktorar (Nordahl et al., 2005, ref. i Helsedirektoratet, 15-1742). Alle menneske blir utsett for slike risikofaktorar i sitt livsløp, men nokre fleire enn andre. Desto fleire risikofaktorar ein er utsett for, dess større er sjansen for at ein hamnar i ei negativ utvikling. Når dette er sagt, er det ikkje alle som kjem dårleg ut, til tross for risikoane. Alle menneske har også beskyttelsesfaktorar rundt seg, som er med på å jamne ut risikoane. Ein beskyttelsesfaktor er kjenneteikn hjå individet eller miljøet som minskar sannsynet for negativ utvikling – til dømes godt sjølvbilete og tillitsfulle vaksne (Helsedirektoratet, 15-1742). For å belyse problemstillinga mi, vil mitt fokus vere på dei ungdommane som er ramma av fleire risikofaktorar og få beskyttelsesfaktorar.

Risikofaktorane på dei ulike nivåa vil ein sjå glir over i kvarandre. Faktorar på individnivå påverkar faktorar på gruppenivå, osb. Eg vil skilje desse analytisk for ordens skyld, men understreke at dei er vevd inn i kvarandre.

Nokre risikofaktorar er individuelle kjenneteikn hjå oss som personar, altså på individnivå. Utagerande åtferd og ”sensation seeking”, haldningane våre, manglande kunnskap rundt rusmidlar og risiko, lavt sjølvbilete, psykiske plager, tidleg debut, om ein har vore vitne til eller utsett for vald eller overgrep, er alle slike faktorar (Helsedirektoratet, 15-1742). Vedvarande åtferdsproblem er òg vist å vere ein sær s viktig risikofaktor for utvikling av rusproblem (Helland og Øia, 2011).

Vi har alle som menneske eit behov for spenning og risiko, men kor langt ein er villig til å gå for å oppleve denne spenningskjensla er ulikt frå individ til individ. Søken etter denne spenningskjensla blir kalla ”sensation seeking” og er også knytt til rusbruk (Shedler og Block, 1990, ref. i Helland og Øia, 2011). Dette individuelle behovet er altså ein risikofaktor knytt til rus. Det handlar om behovet for nye sanseintrykk og erfaringar, og ein tek både fysiske og sosiale risikoar for å oppnå dette (Pedersen, 2006). Forsking viser at ungdommar som har det vanskeleg i heimen, vanskar på skulen og kjenner seg utstøtt av nermiljøet ofte søker nytt miljø for å finne sin plass i samfunnet (Fekjær, 2011). Desse ungdommane er dei som ofte hamnar i feil miljø og knyttar ”sensation seeking” til rusing. Rusen gir ei ny kjensle, eit ”kick” ein ikkje har opplevd før. Dette gir ein pause frå kvardagen og ein finn seg sjølv i eit nytt, akseptierende miljø.

Willy Pedersen (2006) har gjort undersøkingar kring fenomenet ”sensation seeking” og deler denne risikosøkjande åtferda inn i tre former; den første handlar om spenninga ved fysisk risiko, til dømes ekstrem sport. Hemningsløyse er fokus i Pedersens andre form for ”sensation seekers”, og individet søker her etter spenning gjennom hemningslause sosiale aktivitetar, til dømes gambling og seksuelle opplevingar. Den tredje forma er dei som søker spenning gjennom ein non-konform livsstil, ved til dømes spontane reiser og kulinarisk eksperimentering.

Denne søken etter nye opplevingar kan tenkjast å ha negativ konsekvens i samband med andre risikofaktorar. Ungdommar med lite kunnskap knytt til rus og konsekvensane av det, kan tenkjast vil ha lettare for å prøve det sjølv. Dersom ein i tillegg slit med lavt sjølvbilet og psykiske lidingar, kan rusen vere ein endå større reiskap for flykta frå kvardagen, vonde tankar og kjensler. Eg vil seinare kome tilbake til ”sensation seeking” og korleis jobbe med å snu denne risikoen til ein positiv styrkje.

Forsking viser at det er samanhengar mellom inntak av alkohol i ungdomsskulealder og drikkemønster seinare i livet (SIRUS-Rapport 5/2009). Dette i samband med tidleg debutalder vil kunne gi konsekvensar seinare i livet. Det kan også føre til bruk av sterkare rusmiddel enn alkohol, og er altså ein viktig risikofaktor. Pedersen (2006) forklarar at alderen på alkoholdebuten vår er påverka av foreldra og veners normer og bruk av rusmidlar. Forsking viser at narkomane debuterte tidleg med sigarettar og alkohol. Vidare prøver ein hasj, og deretter sterkare stoff. Dette er kalla ”trappetrinnsteorien”. Av alle som nyttar alkohol vil ¼ av dei prøve hasj. Vidare vil ¼ av desse prøve sentralstimulerande stoff som amfetamin eller

kokain. Deretter heroin og nokre av desse blir altså då narkomane (Fekjær, 2011).

Trappetrinnsteorien er ein måte å forklare utvikling av eit rusmisbruk på, men igjen må ein sjå på det samla talet av risikofaktorar. Ein ungdom med godt sosialt nettverk som gjer det godt på skulen og utan nokon store sosiale problem, vil med lite sannsyn bli narkoman dersom han prøver hasj. Derimot, ein ungdom med skulevanskar, dårleg sosialt nettverk og andre sosiale problem – vil ha betydeleg større sannsyn for å utvikle eit rusproblem ved utprøving av hasj (Fekjær, 2011).

På gruppenivå finn ein faktorar som familieforhold og sosialt nettverk (Helsedirektoratet, 15-1742). Forsking viser at konfliktnivået i familien er ein faktor som aukar risikoen for stoffmisbruk (Farrington m.fl., 1985; McCord, 1979; Rutter og Giller, 1983, ref. i Helland og Øia, 2000). Forholdet ein har til sine omsorgspersonar er særst viktig. Dårlig tilknytning, tillit, omsorg og nærleik aukar risikoen for stoffmisbruk (Brook m.fl., 1980; Kandel m.fl., 1978; Penning og Barnes, 1982; Brook m.fl., 1986; Jessor og Jessor, 1977; Brook m.fl., 1990, ref. i Helland og Øia, 2000). Reilly (1979) referert i Helland og Øia (2000) fant at ei rekkje faktorar innan oppdraging av barn var karakteristiske for familiar med stoffmisbrukande ungdommar; dette var faktorar som kjefting og kritikk, mangel på ros, urealistiske forventningar til dei unge og uklare grenser i oppveksten. Ungdommar som har vakse opp hjå foreldre med manglande omsorgsevner i ein konfliktfylt arena, er utsett for stor risiko. Dersom ein har foreldre som rusar seg, aukar risikoen for at ungdomen sjølv utviklar eit rusproblem (Helsedirektoratet, 15-1742). Ein slik familiesituasjon er ofte prega av ein ”tillatande” oppdragsstil og uklare grenser ovanfor dei unge. Dette, samt faktorar som avvisande åtferd frå foreldra og urimelig disiplinering, er faktorar som aukar risikoen for at ungdom utviklar eit rusproblem (Helsedirektoratet, 15-1742).

Vårt sosiale nettverk har mykje å seie for korleis vi utviklar oss som personar. Vi blir påverka både av familie, vener og nærmiljøet. Mangelfull sosial tilpassing er eit omtalt kjenneteikn hjå rusmisbrukarar (Helland og Øia, 2000). Vidare er påverknaden av venene våre ein viktig risikofaktor som igjen har påverknad i samband med debutalder (Helland og Øia, 2000). Dersom ein er sårbar kan det vere lett å ”følgje straumen”, og ein av dei sterkaste prediktorane for eige rusmisbruk – er rusmisbrukande vener.

Når ein er ung, vil ein gjerne likne på venene sine og dei ”populære”. Det er ulike trendar i omløp som ein ønskjer å ta del i. Alkohol og rusmiddel kan vere slike trendar. Eg hugsar av eiga erfaring frå då eg var ung at det var ”kult” å drikke og røyke, og ein var ”dum og

pinglete” om ein ikkje gjorde det. Willy Pedersen (2006) fann etter ei undersøking at dei unge omtalt som ”nerdar/upopulære” ikkje nyt alkohol, og blir sett ned på av dei andre unge. Dette kan tolkast som at alkohol kan bli brukt som eit statussymbol, og dersom det blir brukt som pressmiddel for å oppnå sosial status blant medelevar, kan det utgjere stor risiko blant sårbare unge.

Ein viktig arena for vår utvikling i ungdomstida er skulen. Unge med skulevanskar og negative haldningar til utdanning og skule er eit av kjenneteikna hjå personar med rusproblem; her narkotiske stoff (Helland og Øia, 2000). Dette er ein viktig faktor som glir over til risikoar på samfunnsnivå. Her finn ein sosiale problem knytt til rusmisbruk som fattigdom (Robinson og Ratcliffe, 1979, ref. i Helland og Øia, 2011) og arbeidsløyse (Hammer og Vaglum, 1990, ref. i Helland og Øia, 2000). Det sosioøkonomiske hierarkiet - kva sosialt lag ein tilhøyre, er ein gjennomgåande faktor i denne samanhengen. Dårlige haldningar til skule gir ofte lav utdanning og kompetansefelt. Dette kan føre til lavt lønna arbeid, som vidare kan ende i ein vanskeleg økonomisk ståstad (Elstad, 2005).

### **3.2 Holdningar til alkohol og rus**

Mange av oss drikk alkohol i sosiale samanhengar, anten på studieavslutning, julebord eller liknande. Alkoholen blir her sett på som ein del av moroa og eit middel for eiga nyting. Samstundes har vi negative holdningar knytt til alkohol på grunn av skadeverknadane av det (Fekjær, 2011). Dersom våre positive haldningar til alkohol og andre rusmiddel overgår dei negative, kan det vere grunn til bekymring.

Som eg nemnde tidlegare er våre eigne haldningar ein viktig risikofaktor knytt til rusbruk. Ungdom med positive haldningar til ulike rusmiddel har ofte samheng med eige forbruk, og gir auka risiko for utvikling av rusproblem (Helsedirektoratet, 15-1742).

Ein måte å sjå denne samanhengen mellom holdning og handling på, er at ein gir rusen ansvar for eigne handlingar. Ei undersøking viser at nokre brukar rusen som ein beskyttelse ovanfor eiga sjølvrespekt, etter å ha utført handlingar som står i strid med det som er samfunnsmessig akseptert (Fekjær, 2011). Dersom ein om og om igjen brukar rusen som ei unnskylding for å utføre stigmatiserte handlingar, kan rusmidla etter kvart verte noko positiv å ha ”i bakhand” og ein har alltid noko å skulde på.

Fekjær (2011) skriv at vi dømmar menneske ut frå hensikta av eins handlingar, og ikkje konsekvensane av dei. Altså, det er ikkje berre den rusa personen sjølv som brukar rusmidla

som eit alibi for handlingane sine, men samfunnet også. Ein gir folk fripass for handlingane fordi dei var påverka av rusmiddel med god samvit, fordi ”dei vanlegvis ikkje ville gjort noko slikt, men var påverka av alkohol” (Fekjær, 2011). Alkoholen(rusmidlet) får skulda, så det er fortsett ikkje akseptert, *men* det gir det enkelte individ ei ansvarsfråskrivning som kan svekkje eins eigne haldningar, og dermed gi rusen større plass.

Ungdommar brukar alkohol mest til fyll, der målet er å bli rusa og endre åtferd (Fekjær, 2011). ”Det er ikkje så farleg”-haldninga og mangel på samvit knytt til rus, er då ein større risikofaktor knytt til utvikling av rusproblem hjå ungdommar med slike haldningar.

### **3.3 Samverkande faktorar**

Helsedirektoratet (15-1742) skriv at ”Faren for å utvikle et rusmiddelproblem må vurderes ut fra den enkeltes situasjon og en vurdering av både risiko- og beskyttelsesfaktorer. Ingen enkeltfaktor kan alene forklare et problemutviklingsforløp. Bildet er alltid sammensatt” (s.13). Dei ulike risikofaktorane påverka kvarandre sin effekt; dess fleire risikofaktorar ein er utsett for, dess meir aukar sjansen for utvikling av rusmiddelmisbruk. Beskyttelsesfaktorane påverkast på den måten at dei forsterkar kvarandre og dannar eit sterkare skjold mot risikoar (Brook m.fl., 1990, ref. i Helland og Øia, 2000). Det er ikkje føresett at alle individ utsett for risikofaktorar endar opp som rusavhengig. Nokre klarar seg fint til tross for eit vanskeleg utgangspunkt. Ein ser også dei som i utgangspunktet er godt rusta med beskyttelsesfaktorar og lite utsett for risikoar, likevel utviklar eit rusmisbruk (Helsedirektoratet, 15-1742).

Som ungdom er det mange overgangsfasar ein må i gjennom. Mellomsteget til ungdomsskulen og deretter vidaregåande skule. Ein skal og ta yrkesretta val angående vidaregåande skulegang. I tillegg er ein komen i pubertetsfasen og mange utviklar seg raskt både mentalt og fysisk. Dette kan for mange vere overveldande i seg sjølv, og eg tenkjer at det då er særst viktig for ulike profesjonsutøvarar at ein fangar opp fareteikn hjå risikoutsette ungdomar sjølv om det kan vere vanskeleg. Ein må hjelpe ungdomane i desse fasane til å styrkje beskyttelsesfaktorane sine, dempe risikofaktorane og støtte dei gjennom utviklinga frå ungdom til vaksen.

### **3.4 Frå bekymring til handling**

Innan rusførebygging har sosialarbeidaren ein del av ansvaret for å hjelpe risikoutsette ungdommar til å kome seg ut av faresona; men korleis gjenkjenner ein dei? Dette er eit sentralt spørsmål i det førebyggjande arbeidet med risikoutsett ungdom; ein må vite kva teikn ein skal sjå etter. Helsedirektoratet (15-1742) har lista opp ulike kjenneteikn hjå ungdommar

som kan indikere ein vanskeleg livssituasjon eller eventuelt eit påbyrja rusmisbruk. Ein del av desse teikna er knytt til skulegang, som høgt fråver, likegyldig til prestasjonar, gløyming og forsoving. Vidare er det lagt vekt på ulike teikn knytt til irritabel og aggressiv åtferd, endring i humør og temperament, uro, tilbaketrekning, konsentrasjonsproblem, angst og kjenslemessig ustabilitet. Ein må også vere oppmerksam på teikn som direkte indikerar rusmisbruk, som at det luktar alkohol av den unge eller ein ser at den er rusa.

I denne fasen, frå bekymring til handling, ønskjer eg å presiserer viktigheita av tverrfagleg samarbeid. Sidan mange av desse teikna er knytt til skulegang, er lærarane ein viktig samarbeidspartnar for meg som sosialarbeidar. Dette vil eg kome tilbake til seinare i oppgåva.

#### **4.0 Førebygging på tre ulike nivå**

Førebyggjande arbeid kan utførast både primært, sekundært og tertiært. Hovudfokuset i oppgåva vil liggje på det sekundære arbeidet, men eg vil likevel kort presentere dei to andre nivåa. Det primære arbeidet er universelle tiltak med den generelle befolkninga som målgruppe og her jobbar ein med å hindre at det oppstår eit problem (Lihme, 2013). Innan rusførebygging kan det tenkjast at slikt arbeid kan bidra til å auke folks kunnskap kring rusmiddel og styrke haldningar mot bruk av rusmiddel. Skulane er ein arena som ofte blir brukt i det primære arbeidet, og eit døme på tiltak i skulen er prosjektet ”Unge & Rus”. Dette er eit prosjekt som omhandlar både ungdomane, foreldra og lærarane i skulane. Prosjektet har som målsetjing og auke dei unges kunnskap til å tenkje kritisk rundt bruk av alkohol, styrkje haldningane til å stå i mot, samt utsetje alkoholdebuten (Helsedirektoratet, 2014, KoRus-Nord, Unge & Rus). Som sosialarbeidar i kommunen kan ein delta i slike prosjekt og hjelpe unge til eit auka kunnskapsgrunnlag kring rusproblematikken.

Sekundær førebygging er arbeid som rettar seg mot målgrupper som anten lev under risikofylde vilkår eller allereie viser teikn til risikoåtferd (Lihme, 2013). Målet er her å dempe risikoen eller hindre at eit oppstått problem utviklar seg meir (Helland og Øia, 2000). Eit eksempel på sekundær førebygging er oppsøkjande sosialt arbeid med ungdom.

Tertiær førebygging rettar seg mot individ som allereie har utvikla eit problem, og målet her er å avgrense eller behandle skaden som er skjedd (Helland og Øia, 2000). Innan denne type rusførebygging kan ein som sosionom blant anna jobbe som miljøarbeidar med unge på rusinstitusjon.

## 4.1 Rusførebygging i regi av oppsøkjande sosialt arbeid med ungdom

Som sosialarbeidar kan ein via oppsøkjande arbeid jobbe rusførebyggjande blant ungdom. Dette er eit tiltak som rettar seg spesielt mot risikoutsette grupper i samfunnet – og ein kan jobbe med å redusere bruken av rusmiddel. Her jobbar ein også direkte med ungdom for å hjelpe dei til å styrkje sine eigne beskyttelsesfaktorar og dempe risikofaktorane (Klyve og Pedersen, 2011).

Oppsøkjande sosialt arbeid i Noreg kan sporast heilt tilbake til Frelsesarmeen sitt arbeid med vanskelegstilte grupper i samfunnet kring 1888 (Klyve og Pedersen, 2011). Denne forma for sosialt arbeid utvikla seg gjennom åra, og etter inspirasjon frå USA (Street Corner Work) og Sverige (Ungdomsslussen i Stockholm) kom den profesjonelle oppstarten på slutten av 1960-talet (Klyve og Pedersen, 2011). Noreg var på denne tida i sterk utvikling, og mange ungdomsopprør og manglande hjelpetilbod vart utgangspunktet for det oppsøkjande sosiale arbeidet (Klyve og Pedersen, 2011). Det kan tenkjast at på grunnlag av utviklinga i bruk av rusmiddel hjå unge, kan rusmiddelproblematikken vere ein av pådrivarane for det oppsøkjande sosiale arbeidet i dagens samfunn.

Denne forma for sosialt arbeid dreiar seg altså om å oppsøkje risikogrupper i samfunnet, danne ein relasjon til individet eller gruppa, kartleggje og analyserer situasjonen, og jobbe med å motivere til endring (Klyve og Pedersen, 2011). Den grunnleggjande holdninga innan dette arbeidet handlar om å sjå ungdommane ut frå eit normalitetsperspektiv, og ikkje eit sjukdomsperspektiv (Klyve og Pedersen, 2011). Denne måten å sjå ungdomane på kan vere til hjelp i relasjonsdanninga ved at ungdomane ikkje kjenner seg stigmatisert av sosialarbeidarane. Påstanden om rus som eit negativt fenomen er allment kjent, og dette medfører at individ som rusar seg blir sett på som avvik – altså ikkje akseptert og dermed kan dei bli stigmatisert av samfunnet. Dei aller fleste av oss tar automatisk avstand frå negativ tilnærming, og difor kan ein sjå det som eit poeng å normalisere problemområdet til desse ungdomane for lettare å danne ein relasjon til dei. Klyve og Pedersen (2011) skiv om relasjonsbygging som ein metode for å setje i gang endringsprosessar hjå ungdomane.

Som sosialarbeidar i det oppsøkjande arbeidet kan ein jobbe i sjølvstendig organiserte verksemdar, under barnevernet eller som ein del av den kommunale oppvekst- og kultursektoren. Ein kan då oppsøkje ungdom på bakgrunn av eigen lokal kjennskap til ungdomsmiljøa eller via oppdrag frå arbeidsgjevar (Klyve og Pedersen, 2011). Som eg nemnde tidlegare, er mange risikofaktorar hjå ungdomar knytt til skulegang. Klyve og



Pedersen (2011) skriv at det oppsøkjande arbeidet ofte skjer på andre yrkesgruppers arenaer, og her kan ein sjå viktigheita av tverrfagleg samarbeid for å fange opp ungdomar som har behov for hjelp. Tverrfagleg samarbeid er ein metode for arbeid der ulike yrkesgrupper jobbar mot eit felles mål på tvers av faggrensene (Erdal og Glavin, 2013).

Alle menneske er ulike, og det gjeld også ungdomar ein møter som sosialarbeidar. Erdal (2011) fortel at ungdomane ein møter har ulike behov for hjelp og oppfølging. Nokre ungdomar som er lettare utsett for risiko kan ein hjelpe ved at dei får oppleve meistring, tilhøyre og identitetsutvikling. For å hjelpe ungdomane til å oppnå dette kan ein bruke ulike metodar, og Klyve og Pedersen (2011) trekk fram motivering til eigen aktivitet og rådgjeving; ein kan også vise ungdom vidare til andre hjelpeinstansar dersom det skulle vere nødvendig. Ei utfordring ved dette arbeidet er at ein i små lokalsamfunn kan ha manglande tilbud utover den oppsøkjande tenesta (Erdal, 2011). Dette kan føre til at ungdomane ikkje får den nødvendige hjelpa dei treng. Her kan ein igjen sjå viktigheita av godt tverrfagleg samarbeid med andre instansar for å kunne gi ungdomane best mogelege rammer for hjelp og positiv utvikling.

Ungdomar som er utsett for risikofaktorar som vanskelege familieforhold, skule- og jobbrelaterte problem og ein generelt ustabil livssituasjon med periodar med rusing, vil trenge mykje hjelp (Erdal, 2011). Her kan ein bidra med å styrkje ulike beskyttelsesfaktorar som kan balansere risikoane. Erdal (2011) nemner faktorar som relasjonsbygging i forhold til familie, utvikling av sosial kompetanse og meistring.

Ein av metodane eg ønskjer å leggje vekt på innan det oppsøkjande sosiale arbeidet er hjelp til eigen aktivitet. Pedersen (2011) skriv at turar og aktivitet kan brukast som ein metode for å danne kontakt med ungdomane, i endringsarbeid eller for å danne alternative møteplassar i samfunnet. Vidare blir det lagt vekt på å få fram ressursane til ungdomane, gjere dei bevisst på desse og aktivisere dei. Ved å la ungdommane ta del i planlegging og gjennomføring av ulike aktivitetar, kan ein hjelpe dei til å oppleve ei kjensle av sjølvstende, meistring og som ein del av eit fellesskap. Dette er positive opplevingar som kan vere med på å styrkje beskyttelsesfaktorar hjå ungdomane, som auka sjølvtilit. Ved gjennomføring av aktivitet saman, vil ungdomane og sosialarbeidarane møte dei same utfordringane (Pedersen, 2011). Dette kan gi ungdomane ei kjensle av tilhøyre og likeverd.

Eit konkret døme på rusførebygging gjennom aktivitet kan vere fjellklatring. Dette er ein type aktivitet som krev uthaldning og mot. Ein møter høge fjellsider og dette kan for mange vere

skummelt. Det kan tenkjast at denne forma for aktivitet kan brukast som ei erstatning for rusmidla. Når ein har nådd toppen av ei fjellside mange meter over bakken, gir dette ofte eit naturlig ”kick” som kan tenkjast å samanliknast med ”kicket” ein får av å ruse seg for dei som har begynt med det. For andre kan dette ”kicket” vere den opplevinga dei trengte for å få tankane over på noko positivt. Ein vil sjå synleg framgang ved at ein kjem høgare og høgare opp i fjellsida, og dette kan gi auka sjølvtilitt, sjølvbilde, meistringskjensle, samt noko meiningsfullt å bruke tid på i kvardagen. Ein kan via slik aktivitet hjelpe til å styrkje desse beskyttelsesfaktorane hjå dei unge, og på denne måten førebyggje at rusproblem oppstår.

Ein kan også sjå dette som ein måte å imøtekomme ungdomens behov for spenning (sensation seeking) via ”kicket” det gir. Det er ei ny oppleving, ein brukar kroppen på ein ny måte og ein utfordrar seg sjølv på uvant arena. Ein kan bruke dette som ein metode for å møte denne risikoen på ein meir akseptert måte enn bruk av rusmiddel. Ved å snu denne risikoen til ein ”fordel”, kan ein etter kvart svekkje utviklinga mot bruk av rusmiddel.

Det er altså mange mogelegheiter for sosialarbeidaren til å kome i kontakt med risikoutsette ungdomar og hjelpe dei via rettleiing og aktivitetar. Det oppsøkjande arbeidet byr likevel på utfordringar. Strømfors (2011) legg vekt på at ein må tole usikkerheit, avvising og utprøving. I møte med situasjonar i nye omgjevnader kan ein kjenne seg utrygg og usikker. Ein kan også bli avvist i kontaktetableringa og ha vanskar med å få danna ein relasjon med ungdomane. Dersom ein skal prøve å sjå denne relasjonen frå ungdomen si side, kan ein forstå at dei kan trekkje seg unna sosialarbeidaren. Bruk av rusmidlar er ulovleg, og det kan tenkjast at ungdomen vil beskytte seg sjølv fordi dei trur sosialarbeidaren er ute etter å ”ta dei” og ikkje hjelpe dei. Difor tolkar eg det som særst viktig å møte ungdomen på ein trygg måte, og formidle normalitetsperspektivet framanfor sjukdomsperspektivet. Slike utfordringar vil ein naturleg nok bli flinkare til å takle etter å ha bygd opp erfaring på feltet. Det er likevel ei utfordrande side av arbeidet, og eg tykkjer det er viktig å vere reflektert over desse utfordringane og, og korleis ein kan møte dei på best mogeleg måte for å ivareta relasjonen med ungdomane. Eg ser det også som eit viktig poeng å vere klar over og reflektere over eigne ferdigheiter i arbeidet, både faglege og personlege. Ved å vere reflektert på denne måten, kan ein etter kvart få eit blick på korleis ting kunne vore gjort annleis - og slik utvikle seg som fagperson.

## 4.2 Foreldras deltaking – sosialt arbeid med familiar

Mange av risikofaktorane knytt til ungdom og rus ser ein er i samband med ungdomens familiesituasjon. Difor kan ein sjå det som eit viktig poeng å jobbe saman med ungdomens familie for å styrkje beskyttelsesfaktorar knytt til familien og dempe risikofaktorar. Som sosialarbeidar kan ein til dømes gjere dette gjennom det oppsøkjande arbeidet.

Ved å danne eit bilde av ungdomens forhold til dei ulike familiemedlemma saman med ungdomen, eit familiekart, kan ein få eit innblikk i korleis heimesituasjonen er (Klyve, 2011). Ein måte å hjelpe familieforholdet på er å styrkje relasjonen mellom ungdomen og foreldra. Klyve (2011) skriv at foreldre ofte fokuserar på eitt ”problem” ved ungdomen, til dømes eksperimentering med bruk av rusmiddel, medan dette ”problemet” kan forståast som ein fluktreiskap grunna vanskar med skulegang, eigen seksualitet og identitetsutvikling. Dersom ein ikkje tek tak i dette problemet kan rusbruken utvikle seg til å bli eit alvorleg problem. Ved å jobbe med relasjonen mellom ungdom og foreldre kan ein hjelpe fram ei felles forståing av problemet, og på denne måten redusere risikoen for utvikling av rusmisbruk.

Eg ønskjer også å trekkje fram viktigheita av å formidle kunnskap kring bruk og konsekvensar av rusmidlar i samband med familiararbeid. Dette er som nemnd tidlegare ofte mykje brukt i den primære rusførebygginga, men ved å auke kunnskapen til både foreldra og ungdomen der det er rus inne i bildet, kan ein også her prøve å motivere til holdningsendring. Sidan våre eigne haldningar er ein sentral risikofaktor knytt til rus, kan auka kunnskap hjelpe til å redusere denne faktoren, også i samband med familiararbeid.

Ved å danne eit samarbeid mellom sosialarbeidaren, ungdomen og foreldra kan ein altså jobbe ved å styrkje ungdomen sine beskyttelsesfaktorar, og ved formidling av kunnskap og relasjonsbygging redusere risikoar.

Viktige beskyttelsesfaktorar i samband med familien er at foreldra er delaktige i skulearbeidet og fritidsaktivitetar, samt fungerer som rådgjevarar for den unge (Klyve, 2011). Det er òg viktig å fokuserer på ungdomens forhold til tryggleikskjensle ovanfor foreldra, at dei kjenner seg forstått og akseptert (Klyve, 2011). Rusførebygging i samband med familie kan ein seie handlar om å hindre skeivutvikling i familien, då det er ein stor risikofaktor. Dette arbeidet byggjer på optimisme, og ein fokuserar meir på dei beskyttande faktorane enn dei potensielle risikoane (Klyve, 2011).

Foreldra er den viktigaste samarbeidspartnaren for den oppsøkjande sosialarbeidaren, spesielt dersom ungdomen er under 18 år. Dette inneber at den unge er umyndig og foreldra står som ansvarlege for ungdomen (Erdal og Strømfors, 2011). Sosialarbeidaren har meldeplikt til barnevernet og politiet, og foreldra (Erdal og Strømfors, 2011).

Teie- og opplysningsplikta til sosialarbeidaren kan i det oppsøkjande sosiale arbeidet by på utfordringar (Erdal og Strømfors, 2011). Som oppsøkjande sosialarbeidar føl ein reguleringar av teie- og opplysningsplikt gjennom Forvaltningslova § 13, Lov om sosiale tenester § 8 og Lov om barnevernstenester § 6-7 (Erdal og Strømfors, 2011). Den grunnleggjande forståinga kring teieplikta i det oppsøkjande arbeidet er at ein har teieplikt om opplysingar ein får om enkeltpersonar i arbeidet (Erdal og Strømfors, 2011). Som nemnd er eit av hovudelementa i det oppsøkjande arbeidet å etablere kontakt med ungdomane og danne ein relasjon til dei. Dersom ungdomane har ei kjensle av at dei ikkje kan fortelje sosialarbeidaren noko på grunn av teieplikta, kan det difor tenkjast å vere vanskeleg å få danna ein trygg og tillitsfull relasjon. Det kan vere ein måte å unngå dette på ved å vere open og ærleg ovanfor ungdomane om kva rolle sosialarbeidaren har, og kva teie- og opplysningsplikta inneber. Vidare kan ein fokusere på å formidle ønskje om å hjelpe ungdomane og at ein ikkje er der for å «ta dei». Eit anna poeng er dilemmaet ved lovnadar om absolutt teieplikt (Erdal og Strømfors, 2011). Dette dilemmaet kan forståast ved at sosialarbeidaren lovar ungdomen absolutt teieplikt for at den unge skal opne seg og fortelje. Men, dersom ungdomen då fortel noko som er av så alvorleg grad at det må meldast til anten foreldre, politi eller barnevern – er sosialarbeidaren i ein vanskeleg situasjon. Eg trur at det også her er viktig å vere open og ærleg, og ikkje love noko ein ikkje kan halde; sosialarbeidaren har lover og retningslinjer å jobbe ut i frå.

Mange av situasjonane ein kjem opp i innan det oppsøkjande arbeidet kan vere av så alvorleg grad at det blir meldt til barnevernet. § 4-12 ”Vedtak for å overta omsorgen for et barn” og § 4-24 ”Plassering og tilbakehold i institusjon utan eget samtykke” er dei slutningane i Barnevernlova som har mest tyding for den oppsøkjande arbeidaren (Erdal og Strømfors, 2011). Dette kan vere vanskeleg ved at ein bryt forholdet med foreldra og den unge. Samstundes, dersom situasjonen er så alvorleg at risikoane knytt til foreldra overgår dei beskyttande faktorane, kan ein sjå det som eit nødvendig tiltak. Klyve (2011) skriv at det i nokre situasjonar kan vere til det betre for den unge å bryte opp familieforholda grunna for mykje konflikter i familien.

### 4.3 NAV – ein kommunal arena for førebygging

Frå 1.juli 2006 vart sosialtenesta, Aetat og trygdekontoret eitt: Ny arbeids- og velferdsforvaltning [NAV] (Djupvik og Eikås, 2012). Denne etaten skal utøve velferdsytningar knytt til arbeid, økonomi, råd og rettleiing både på kommunal og statleg basis (Djupvik og Eikås, 2010). Dei lokale NAV-kontora utfører sosialtenester som økonomisk rådgjeving og stønad, midlertidig bustadtilbod og arbeidsretta tiltak (NAV, 2014).

Mange av risikofaktorane for utvikling av rusmisbruk kan som vist til tidlegare setjast i samanheng med det sosioøkonomiske hierarkiet. Lite skulegang, arbeidsløyse og fattigdom er sentrale faktorar her. Dersom ein styrkjer desse faktorane kan ein vri dei til beskyttelsesfaktorar, då desse er trygt bustadmiljø, ressursar i arbeidslivet og god økonomi (Helsedirektoratet, 15-1742).

NAV driv innsats ovanfor utsett ungdom frå 14 år. Dei har som formål å fange opp ungdom som held på å ”dette ut” av skulen og driv tiltaksretta arbeid ovanfor desse for å førebyggje arbeidsløyse og fattigdom. Ungdom som bryt skulegangen set seg i ein vanskeleg posisjon for å kome seg ut i arbeid, og dette aukar sjansane for dårlege levekår gjennom livet (NAV, 2014).

Ein kan sjå her at førebygging knytt til dårlege levekår, arbeidsløyse, fattigdom og rusproblematikk går parallelt, alt heng saman. NAV er ein arena der sosialarbeidaren kan bidra med arbeid kring negativ utvikling av desse faktorane for å førebyggje rusmisbruk blant unge. Tiltak eg ønskjer å fokusere på er råd og rettleiing for desse utsette unge, samt arbeidsretta tiltak.

NAV (2014) skriv at ein treng ikkje nødvendigvis allereie ha eit problem for å motta råd og rettleiing, det blir også brukt for å førebyggje at problem oppstår. Det kan tenkjast at ved å gi dei unge råd og rettleiing kan ein gradvis motivere dei til å fokusere på moglegheiter av skule- og arbeidstilbod i samfunnet. Ein kan fungere som ein støtteperson dersom ungdomen treng nokon å snakke med om vanskelege tankar og kjensler. Ved å byggje ein god relasjon til ungdomen og eit gjensidig forhold bygd på tillit og respekt, kan ein ved kunnskapsformidling hjelpe til å endre holdninga til ungdomen knytt til skule og arbeid. Eg tykkjer det er viktig å leggje vekt på kartlegging av ungdomens ressursar for å vise til styrkjer og arbeid som kan vere passande. Dette kan gi ungdomen ei kjensle av å kunne meistre noko og ein må fortsette å motivere gjennom arbeidsretta tiltak for at ungdomen ser at han er ressurssterk og kan yte tenester i samfunnet.

Arbeidsretta tiltak kan hjelpe ungdomane til å finne ei arbeidsform dei trivst i. Eit konkret tiltak ein kan bidra med er arbeidspraksis. Der får ungdomen prøve seg ut i arbeid og eventuelt motta økonomisk stønad frå NAV (NAV, 2014). Ved å ha kartlagt ressursar på førehand kan det vere lettare å finne passende arbeid for ungdomen å utprøve. Dette arbeidet kan styrkje beskyttelsesfaktorar hjå ungdomen som sjølvtilitt, meistring, tilhøyre og utviding av det sosiale nettverket gjennom kollegaer.

#### **4.4 Sosialarbeidaren som ledd i det rusførebyggjande arbeidet**

Det krev eit samarbeid mellom fleire instansar for å leggje eit godt grunnlag for rusførebyggjande arbeid blant unge. Sosialarbeidar er eit ledd i denne kjeda, med samarbeidsinstansar som til dømes barnevernet, skulane, psykiatritenesta, helsestasjon og legar.

Tverrfagleg samarbeid tolkar eg som særst sentralt i det rusførebyggjande arbeidet. Samarbeid mellom NAV og skulane er eit godt døme; mange risikofaktorar er knytt til skulegangen, og det er lærarane som har best mogelegheit for å oppdage desse. Dei kan då gje melding til NAV, som kan bidra med råd, rettleiing og eventuelt arbeidsretta tiltak. Dersom det skulle vere behov for andre tiltak, kan NAV sende melding vidare til eksempelvis barnevernet eller psykiatritenesta.

Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 12 ”Informasjon og generell forebyggende virksomhet” og § 13 ”Samarbeid med andre deler av forvaltningen” (NAV, 2014) understrekar viktigheita av samarbeid i førebygginga. Ungdom i risiko har, på linje med andre vanskelegstilte, behov for eit heilskapleg hjelpetilbod; eksempelvis ekstra tilrettelegging i skulen, samt råd og rettleiing hjå NAV (NAV, 2014).

Sosialt arbeid og rusførebygging byr på eit breitt spekter av mogelegheiter. Det er mange arenaer ein kan jobbe ut i frå, og ein har mange samarbeidsinstansar i bakhand for å gjere arbeidet så heilskapleg som mogeleg. Det kan likevel by på utfordringar. Som sosialarbeidar er det lover og retningslinjer ein skal jobbe ut i frå som kan by på avgrensingar i arbeidet, samstundes som ein skal utøve skjønn i mange situasjonar (Halvorsen, 2009). Eit ope sinn, gode fagkunnskapar og samarbeidsvilje tolkar eg som gode einskapar for å leggje eit godt grunnlag for rusførebygginga. Ein vil etter kvart byggje seg opp erfaring og ein vil då kjenne seg tryggare i si rolle i det førebyggjande arbeidet.

## 5.0 Konklusjon

Gjennom denne oppgåva har eg gjort greie for viktige risikofaktorar knytt til ungdom og utvikling av rusproblem. Desse faktorane finn ein både på individ-, gruppe- og samfunnsnivå. Individuelle risikofaktorar er knytt til kunnskap, haldningar og åtferd. På gruppenivå er sentrale faktorar knytt til familieforhold og sosiale nettverk. Vidare på samfunnsnivå finn ein faktorar som arbeidsløyse og fattigdom.

I kontrast til desse risikofaktorane har ein ulike beskyttelsesfaktorar som er med på å balansere risikoane; dette er faktorar som sjølvtilitt, stabile familieforhold og skulegang/arbeid. Sjølv om mange risikofaktorar auka sannsynet for utvikling av rusproblem, er det ikkje forutsett at alle utviklar eit negativt forhold til rus. Nokre klarar seg bra til tross for mange risikofaktorar og få beskyttelsesfaktorar, medan andre med motsatt føresetnadar kan utvikle eit rusmiddelproblem.

Som svar på problemstillinga, kan eg konkludere med at ein som sosialarbeidar kan jobbe rusførebyggjande med ungdom via ulike instansar som organisert oppsøkjande sosialt arbeid og NAV. Desse arenaene tilbyr tiltak som kan bidra til å redusere desse risikofaktorane hjå ungdomane og styrkje beskyttelsesfaktorane. Dette er tiltak som organisering av aktivitetar, tilbod om råd og rettleiing, samt arbeidsretta tiltak.

Sosialarbeidaren er eit ledd i det rusførebyggjande arbeidet, med mange samarbeidsinstansar. Ein viktig samarbeidspartnar er skulen, då dei tilsette der ofte er dei som oppdagar ungdom i risiko.

Sitatet frå Willy Pedersen i forordet viser at rusen har stor makt, og som sosialarbeidar vil eg gjere det eg kan for å hjelpe ungdom ut av risikosona.

## 6.0 Litteraturliste

### Bøker:

- Dalland, O. (2010). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Djupvik, A.R., & Eikås, M. (2010). *Organisert velferd – Organisasjonskunnskap for helse- og sosialarbeidarar*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Erdal, B. (2011). Tilstedeværelse og kontakt. I B. Erdal (Red.), *Ute/Inne – Oppsøkende sosialt arbeid med ungdom* (s. 137-161). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Erdal, B., & Glavin, K. (2013). *Tverrfaglig samarbeid i praksis – Til beste for barn og unge i Kommune-Norge*. Oslo: Kommuneforlaget AS.
- Erdal, B. & Strømfors, G. (2011). Rammer for oppsøkende sosialt arbeid. I B. Erdal (Red.), *Ute/Inne – Oppsøkende sosialt arbeid med ungdom* (s. 81-113). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Fekjær, H.O. (2011). *Rus – bruk, motiver, skader, behandling, forebygging, historie*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Halvorsen, K. (2009). *Sosiale problemer – En sosiologisk innføring*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Helland, H., & Øia, T. (2000). *Forebyggende ungdomsarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS
- Klyve, A. (2011). Familiearbeid. I B. Erdal (Red.), *Ute/Inne – Oppsøkende sosialt arbeid med ungdom* (s. 206-211). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Klyve, A. & Pedersen, H. (2011). Oppsøkende sosialt arbeid i Norge før og nå – Et historisk overblikk, med samfunnsmessige og geografiske sideblikk. I B. Erdal (Red.), *Ute/Inne – Oppsøkende sosialt arbeid med ungdom* (s. 22-45). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Lihme, B. (2013). Sosialt arbejde som itegration. I B. Lihme (Red.), *Socialt arbejde med udsatte unge* (s. 16-34). København: Akademisk Forlag.
- Pedersen, H. (2011). Aktiviteter. I B. Erdal (Red.), *Ute/Inne – Oppsøkende sosialt arbeid med ungdom* (s. 225-233). Oslo: Gyldendal Akademisk.



Pedersen, W. (2006). *Bittersøtt – ungdom/sosialisering/rusmidler*. Oslo: Universitetsforlaget.

Strømfors, G. (2011). Oppsøkere som profesjonelle personligheter. I B. Erdal (Red.), *Ute/Inne – Oppsøkende sosialt arbeid med ungdom* (s. 169-189). Oslo: Gyldendal Akademisk.

### **Kompendium:**

Elstad, J.I. (2005). Sosioøkonomiske ulikheter i helse. Teorier og forklaringer. Sosial og Helsedirektoratet. IS-1282. I *Levekår, organisasjon og arbeidsliv – Del 1*. Høgskulen i Sogn og Fjordane, 2012.

### **Nettsider:**

Langhammer, B. (2003). Forelesning – Litteraturstudie, metode. Henta frå:

<http://www.hf.hio.no/tverrfaglig/TM-Veks-3/Ressursforelesninger/LanghammerIII.ppt>  
(05.04.2014).

Helsedirektoratet. (2014). Frå bekymring til handling – En veileder om tidlig intervensjon på rusområdet. 15-1742. Henta frå: <http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/fra-bekymring-til-handling-en-veileder-om-tidlig-intervensjon-pa-rusområdet/Publikasjoner/fra-bekymring-til-handling.pdf> (04.05.2014).

Helsedirektoratet. (2014). KoRus-Nord, Unge & Rus. Henta frå:  
<http://www.ungeogrus.no/nn-NO/Info/Mal/> (03.05.2014).

Helsedirektoratet. (2014). Rusmiddelforebyggende arbeid i skolen – forslag til læringsaktiviteter. 15-1978. Henta frå:  
<http://www.forebygging.no/Global/Skole/St%C3%B8ttmateriell,%20oppdatert%20versjon%20februar%202014.pdf> (04.05.2014).

Nesvåg, S. & Steinkjer, B. (2014) Hvordan kan man definere rusmisbruk? Er det store kulturelle forskjeller i hva man oppfatter som misbruk? Henta frå:  
<http://www.forebygging.no/NY-spm-og-svar/1-KultrurEtiniset/Hvordan-kan-man-definere-rusmisbruk-Er-det-store-kulturelle-forskjeller-i-hva-man-oppfatter-som- misbruk/>  
(07.05.2014.)

NAV. (2014). Sosiale tjenester. Henta frå: <https://www.nav.no/Sosiale+tjenester>  
(08.05.2014).

NAV. (2014). Innsats overfor utsatt ungdom. Henta frå:

<https://www.nav.no/Innsats+overfor+utsatt+ungdom.355897.cms> (08.05.2014).

NAV. (2014). Generelle råd og veiledning. Henta frå:

<https://www.nav.no/Sosiale+tjenester/R%C3%A5d+og+veiledning> (08.05.2014).

NAV. (2014). Arbeidsrettede tiltak. Henta frå:

<https://www.nav.no/Arbeidsrettede+tiltak.357519.cms> (08.05.2014).

NAV. (2014). Arbeidspraksis i ordinær virksomhet. Henta frå:

<https://www.nav.no/Arbeid/Arbeidsrettede+tiltak/Arbeidspraksis+ordin%C3%A6r>  
(08.05.2014).

NAV. (2014). Forebygging og samarbeid. Henta frå:

<https://www.nav.no/Forebygging+og+samarbeid.357521.cms> (08.05.2014).

Skretting, A. & Vedøy, T. F. (2009). Ungdom og rusmidler – Resultater fra spørreskjemaundersøkelser 1968-2008. (SIRUS-rapport nr.5/2009). Henta frå:

[http://www.sirus.no/filestore/Import\\_vedlegg/sirusrap.5.09.pdf](http://www.sirus.no/filestore/Import_vedlegg/sirusrap.5.09.pdf) (06.04.2014).